



Kålås Bygg AS
Lars Alvær Hagesæter
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8857 - 21/84007

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
13.12.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 212/142 Eikanger øvre

Tiltak: Lagerhall
Byggjestad: Gbnr: 212/142
Tiltakshavar: NNP Parsell 9 AS
Ansvarleg søkjar: Kålås Bygg AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 19.10.2021. V beklagar sein tilbakemelding.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:


1. Avklaring av om det er behov for samtykke frå Arbeidstilsynet.
Ifølge arbeidsmiljøloven § 18-9 har tiltakshaver plikt til å søkja Arbeidstilsynet om samtykke på førehand viss tiltakshaver skal føra opp bygning eller utføra bygningsmessig arbeid som er søknadspliktig etter plan- og bygningsloven, **og** bygget skal brukast av, eller sannsynligvis vil bli brukt, av ei verksemd som er omfatta av arbeidsmiljøloven. Kommunen kan ikkje gje igangsetjingsløyve før Arbeidstilsynet har gitt samtykke til planane, eller det er avklart at samtykke ikkje er nødvendig.

Kommunen kan senda saka over til Arbeidstilsynet, men vurderer at det er meir føremålstenleg at søkjar avklarar behovet for samtykke då de sit på den informasjonen som Arbeidstilsynet treng for å vurdere saka.
2. Avstand til felles grense mot gbnr. 212/132/felles veg er oppgitt til 2 meter. Vi ber dykk vurdere om avstanden kan aukast til 4 meter slik det går fram av plan- og bygningslova § 29-4. Kommunen vurderer at avstanden bør vera 4 meter av omsyn til trafikktryggleiken.

Situasjonsplan



Plankart



3. Det må gjerast greie for materialbruk.
4. Det er kommunen si vurdering at tiltaket ikkje er tilstrekkeleg dekkja av ansvar for arbeidsområda innanfor funksjonen utførande, slik det går fram av gjennomføringsplanen. Det må sendast inn oppdatert gjennomføringsplan som viser alle funksjonar og arbeidsområde i tiltaket. (Føretaket som skal utføra arbeidet treng ikkje vera ført på.)

Kommunen vil behandla saka så snart etterspurd dokumentasjon ligg føre.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

NNP Parsell 9 AS

c/o Peder Hagesæter
Hjelmås VVS AS
Torvhusmyrane 2

5913

EIKANGERVÅG

Mottakarar:

Kålås Bygg AS

Torvhusmyrane 2

5913

EIKANGERVÅG